

Vedtekter for NBF Vestland

Vedteke på stiftingsmøte av Norsk Bibliotekforening Vestland 21.09.2020

§1. FORMÅL

NBF avd. Vestland er ei regional avdeling av Norsk Bibliotekforening, og har som formål å fremma utviklinga av norsk bibliotekvesen og arbeida for betring av bibliotektenesta i regionen.

§2. MEDLEMSKAP

Medlemmer er dei enkeltpersonar, institusjonar, skulebibliotek/samlingsstyrar og folke-, skule- og fagbibliotek (representert ved styringsorgana deira) i regionen som til kvar tid står knytte til Norsk Bibliotekforening.

§3. STEMMERETT

Stemmerett har alle medlemmer som har betalt kontingenten til Norsk Bibliotekforening for inneverande år. Kvar medlem har ein -1- stemme, og kan ikkje stemma ved forfall. Bibliotek og institusjonar kan gi frå seg stemme ved fullmakt (kfr. stemmerettsavgjerdene i «Vedtekter for Norsk bibliotekforeining»).

§4. ÅRSMØTE

Årsmøte blir halde kvart år på tid og stad som blir fastsett av styret. Innkalling og sakliste blir sende medlemmene minst ein -1- månad før møtet. Saker som medlemmene ynskjer skal takast opp på årsmøtet, må sendast styret minst ei -1- veke før møtet.

Årsmøtet skal behandla:

1. Årsmelding
2. Revidert rekneskap
3. Virkeplan for kommande periode
4. Innkomne forslag
5. Budsjettforslag
6. Val: leiar, styremedlemmer m/varamedlemmer, revisorar, valkomité

Kor vedtektene ikkje bestemmer noko anna, treffest alle avgjerder med alminneleg fleirtal. Dersom det blir forlanga av eit medlem, skal vala skje skriftleg.

§5. EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

Ekstraordinært årsmøte kan innkallast av styret og skal innkallast dersom minst 1/3 av medlemmene krev det. Ekstraordinært årsmøte blir innkalla med minst 1 månads varsel og seinast 1 måned etter at styret har fått grunngitt krav om dette.

§6. STYRET

NBF si avdeling i Vestland blir leia av eit styre på 5-7 medlemmer med 2 varamedlemmer. Styret bør ha representasjon frå fylkes-, folke-, skule- og fagbibliotek og styringsorgana deira.

Leiar blir vald ved særskilt val for 1 år av gongen. Resten av medlemmene blir valde for to år, slik at halvparten står på val ved kvart årsmøte. Varamedlemmer blir valt for 1 år. Styret kan fatta vedtak når minst 3 medlemmer er til stades. Ved stemmelikskap er stemma til leiar avgjerande.

Det er viktig å arbeida for å ha ei best mogeleg geografisk spreining av styremedlemmene.

§7. KONTINGENT

Kontingenten blir betalt til Norsk Bibliotekforening etter dei satsane som til kvar tid gjeld.

§8. REKNESKAP – REVISJON

Rekneskapan følgjer årsmøteperioden og blir avslutta 1 1/2 måned før årsmøtet. Rekneskapan blir ført av ein kasserer valt av og mellom medlemmene i styret og blir revidert av 2 personar valde av førre årsmøte.

§9. VEDTEKTSENDRING

Forslag om endring av desse vedtektene må vera sende styret minst 3 veker før årsmøtet. Endringane blir vedtekne av årsmøtet med 2/3 av dei gitt frå seg stemmer og må godkjennast av hovudstyret i Norsk Bibliotekforening.

§10. NEDLEGGING

Spørsmål om å nedlegga regional avdelingar må takast opp i Hovudstyret i Norsk Bibliotekforening.